



Høyanger kommune Ordføraren

Energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Høyanger, 16.08.24

Høyanger kommune viser til høyring frå Energidepartementet om endringar i forskrift om nettregulering og energimarknaden (NEM) om mognadsvurderingar mm datert 07.05.2024.

Høyanger kommune støttar intensjonen bak forslaga til endringar i forskrift. Manglande nettkapasitet er ein stor barriere for ei grøn omstilling, ikkje berre i Høyanger og Vestland, men i det norske samfunnet elles. Kommunen vurderer det som viktig at nettkapasitet blir halden av til aktørar som er modne til å ta tilkoplinga i bruk, framfor prinsippet om «førstemann-til-mølla». Det vert oppfatta som positivt at også dei verksemdene som i dag har fått reservert kapasitet, og fått plass i kapasitetskøen, eller har sendt førespurnad om dette, må oppfylle modnadskriteria.

Høyanger kommune støttar forslag om at eksisterande verksemdar skal prioriterast over nye verksemdar. Dette vil mogleggjere ei nødvendig grøn omstilling i eksisterande næringsliv.

Det er viktig at mognadsvurdering av prosjekt er mest mogleg like i heile landet og i kvart nettselskap. Tidsbruk for sakshandsaming knytt til å få plass i nettet og å få til auka nettkapasitet må ned. Ein bør også utgreie om ein skal sette krav om eigenproduksjon av straum i samband med tilknytning til straumnettet og uttak av straum.

Høyanger kommune støttar forslaget frå Kraftfylka om at andre faktorar slik som klimagasskutt, og positiv nærings og/eller samfunnsutvikling bør inngå i vurderingane.

Kommunen vurderer at mognadsvurderingane som er foreslått ikkje utelukkar rask tilknytning til einskilde aktørar på kostnad av meir samfunnsmessige positive prosjekt. Forslaget om at eksisterande verksemdar vert prioriterte framfor nye verksemdar, vil heller ikkje utelukke rask tilknytning til eksisterande prosjekt på kostnad av meir samfunnsmessige positive prosjekt.

Som energidepartementet sjølv skriv i grunngivinga for forslaget, er det er ulik praksis mellom nettselskap og tilknytingsprosessen kan verke uoversiktleg, lite standardisert og lite transparent. Høyanger kommune støttar innspilet frå Kraftfylka om at foreslått ny § 3-4, andre ledd (plikt til å gjennomføre mognadskriterium) bør endrast slik at mognadskriteria nettselskapa vurderer er dei same frå selskap til selskap, og dessutan at ei slik standardisering av krava let seg følgje opp uavhengig av ressursituasjonen i nettselskapet.

Med helsing
Høyanger Kommune

Petter Sortland
ordfører